



Arkivnr: 2018/962-11
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.09.2018

Tilskot til elitekorps. Fordeling 2018

Samandrag

Føremålet med ordninga:

Denne tilskotsordninga skal stimulere til å vidareutvikle det kunstnarlege og musikalske nivået i elitekorpsa og støtte formidling av dette

Generelt:	
Budsjett 2018:	300 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.juli
Vedtaks kriteria:	KIRU 20.03.2018: PS 54/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Fordeling 2018	
Tal på søknadar:	6
Tal på godkjente søknadar:	6
Fordeling 2018:	300 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som prosjektsøknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Vurderingskriteria for prosjekt:

1. I kva grad tiltaket oppfyller føremålet i søknadsordninga
2. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
3. I kva grad tiltaket har verdi for større delar av fylket
4. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
5. I kva grad tiltaket er utadretta og ope
6. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
7. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad

Alle søkjarane har søkt om reisestøtte ved deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Tildeling av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem som er oppgjeve i søknaden.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#).

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 300 000 kroner over budsjettpost 400.735.00, slik:

	Søkjjar	Tilråding
1	BJØRSVIK BRASS	51 517
2	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	47 664
3	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	59 672
4	MANGER MUSIKKLAG	39 672
5	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	67 418
6	TERTNES BRASS	39 057
	SUM	300 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.08.2018

Dei som kan søke denne ordninga er amatørkorps (brass og janitsjar) for vaksne, som har kvalifisert seg til vidare deltaking i elitedivisjon i inneverande søkjeår eller har rykka opp frå 1. divisjon og deltek i elitedivisjonen året etter / påfølgande år. Det er difor ei klart definert gruppe som kan søkje på denne ordninga. Det er per no 4 brassband og 2 janitsjarkorps i Hordaland som kvalifiserer for denne søknadsordninga. Alle har sendt inn søknad til denne ordninga.

Ut i frå føremålet og fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle ser fylkesrådmannen det som rett at ein legg vekt på utviklings- og formidlingstiltak i denne ordninga, i tillegg til at kan løyvast midlar til reisestøtte til meisterskap utanfor Hordaland.

Det skal ikkje kunne søkjast om midlar til ordinær drift av korpset, slik som løn av fast dirigent, leige av øvingslokale el.. Midlane i denne ordninga skal heller ikkje løyvast til investeringar slik som t.d. innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.

Fylkesrådmannen tilrår at det skal leggst vekt på tiltak som medverkar til kulturell utvikling og meirverdi når det søkjast om prosjekt- / tiltaksstøtte, som t.d.:

- Større konsertproduksjonar som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum
- Bestillingsverk / arrangørproppdrag – bruk av lokale / regionale komponistar / arrangørar vert prioritert
- Fagleg utvikling, utover dagleg drift, for korpset sine medlemmer som hever korpset sitt nivå
- Lydfesting / publisering av musikk

Om søknadane

I søknadsskjemaet var det lagt til rette for at kvar søkjar kunne skrive inn fleire prosjekt dersom ein hadde fleire prosjekt ein ville søkje tilskot til. Vidare vart ein vist til å skrive inn samla søknadssum til prosjekta og ikkje ein søknadssum til kvart prosjekt. Dette har gjort vurderinga av søknadane, samla sett, noko utfordrande og ein vil difor ta med erfaringane frå i år til å betre søknadsskjema til neste år.

Fylkesrådmannen ser, av omsyn til budsjettvedlegga til prosjekta, at 2 av søkjarane har inkludert reisestøtte i samla søknadssum for prosjektstøtte. Slik det er informert på nettsida, så vert reisestøtte gjort ut frå ei kvantitativ fordeling. Reisestøtta avhenger ikkje av stad for meisterskapen eller reisebudsjett o.a., men kor mange elitekorps som planlegger deltaking i meisterskap utanfor Hordaland og kor mange aktive medlemmer desse elitekorpsa har til saman.

Når det gjeld søknad om reisestøtte er det 2 søkjarar som har skrive i skjema at dei har meir enn éin meisterskap dei skal delta i utanfor Hordaland. Frå retningslinene til ordninga står det m.a.: «Dei elitekorpsa som søker reisestøtte vil verte tildelt denne sum per einskilde medlem frå utrekninga. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset vil såleis vere avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden». Sjølv om det er 2 søkjarar som har meir enn ein planlagd reise for å delta i meisterskap, så vert fordelinga av reisestøtte den same per aktive medlem i alle korpsa som har søkt reisestøtte.

Reisestøtte

Alle søkjarane har søkt om reisestøtte ved deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Tildeling av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset er avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden.

Oversikt over tal på aktive medlemmer i kvart korps:

	Søkjar	Medlemer
1	BJØRSVIK BRASS	35
2	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	45
3	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	32
4	MANGER MUSIKKLAG	32

5	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	69
6	TERTNES BRASS	31
	SUM	244

Med 150 000 kroner til fordeling til reisestøtte og 244 aktive medlemmer totalt, vert beløpet for kvart einsskild korpsmedlem 615 kroner i reisestøtte til kvar søkjar.

Fordeling reisestøtte:

	Søkjar	Tilråding reisestøtte
1	BJØRSVIK BRASS	15441
2	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	19853
3	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	42353
4	MANGER MUSIKKLAG	28235
5	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	30441
6	TERTNES BRASS	13677
	SUM	150 000

Presentasjon av søkjarane:

1. BJØRSVIK BRASS

Prosjekt 1: Konsert for unge talent

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Bjørsvik Brass ønsker å bidra til å motivere unge musikanter og løfte frem neste generasjon. Derfor vil vi denne høsten invitere fire til seks unge talenter i alderen 10-18 år fra skolekorps i Bergen og omegn til å være solister med oss på konsert. Målet er både å vise frem kvaliteten i skolekorpsene, men også å gi de unge en god konsertopplevelse som solister. De skal få coaching av Bjørsviks svært rutinerne musikanter der det trengs. Det blir en av våre store konserter denne høsten og vil bli avholdt i Bergen. Lokale er ennå ikke bestemt».

Prosjekt 2: Lydfesting av musikk

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Bjørsvik har inngått en intensjonsavtale med plateselskapet Chandos om å spille inn noen av de største klassikerne i brassband-litteraturen. Mange av verkene finnes det få innspillingar av i moderne tid, og ett av verkene, Severn Suite av Edward Elgar, har aldri vært innspilt etter Elgars originale partitur. Det skjer med Bjørsvik og vår musikalske leder Andreas Hanson. Det blir en viktig innspilling for brassband-verden».

Prosjekt 3: Turné til Yorkshire

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Korpset planlegger tur til brassbandets vugge, Yorkshire i Nord-England. Der ønsker vi å spille en større konsert, og vi ønsker å delta på Whit Friday marches, en marsjkonkurrans som arrangeres fredag etter pinse (Whit Friday). Det vil si, det er heller snakk om et tjuetall marsjkonkurranser, der horder av korps reiser fra landsby til landsby og deltar på så mange steder de rekker over. Dette arrangementet er en kultursøyle i Yorkshire og har vært arrangert hvert år siden 1884. Vi ønsker å ta med oss vår "sound" og bedrive god kulturutveksling i dette svært viktige området for vår ensembleform».

Deltaking i meisterskap (reise)

Whit Friday.

Tid og stad: 12.-16.06.2019 i Yorkshire, England

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 562 500 kroner

Samla søknadssum: 80 000 kroner
 Tilråding prosjektstøtte: 30 000 kroner
 Tilråding reisestøtte: 21 517 kroner
 Samla tilråding: 51 517 kroner

Bjørsvik Brass vart etablert i 2008 og består i dag av 35 aktive medlemmer. Dei bidrar til talentutvikling ved å invitere skulekorpsmusikantar og rettleie desse til å vere solistar med Bjørsvik Brass på konsertar. Lydfesting av Edward Elgars originale partitur av Severn Suite vert vidare og vurdert til å ha regional verdi. Prosjekta i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 2 og 6.

2. DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN

Prosjekt: Christmas at the movies

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Vi har i flere år holdt en temakonsert i desember måned i Universitetets Aula. Denne har vi fått veldig gode tilbakemeldinger på, og vi satser på å følge dette opp i år også. Vi vil holde 2 konserter den 8 desember 2018. Temaet for årets julekonsert vil være «Christmas at the movies». Vi vil presentere musikken fra de største julefilmene gjennom tidene, både fra Norge og det store utland. Programmet vil spenne vidt, og publikum vil få høre musikk fra: 'Hjemme alene', 'Polarekspressen', 'Tre nøtter til Askepott', 'Et førjulsmareritt', 'The Snowman', 'Reisen til julestjernen', 'Flåklypa grand prix' og mange flere. Vi vil også bestille noen helt nye arrangementer til denne konserten. Med oss har vi både sangsolist og kor. Vi satser på at dette blir en fin førjulsopplevelse for hele familien».

Deltaking i meisterskap (reise)

NM Janitsjar 2019.
 Tid og stad: 05.-07.04.2019 i Trondheim

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 150 000 kroner
 Samla søknadssum (prosjekt): 30 000 kroner
 Tilråding prosjektstøtte: 20 000 kroner
 Tilråding reisestøtte: 27 664 kroner
 Samla tilråding: 47 664 kroner

Dragefjellets musikkorps Bergen vart etablert i 1914 og består i dag av 45 aktive medlemmer. Denne konserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5 og 6.

3. EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG

Prosjekt 1: Konsertserie 2018

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Eikanger-Bjørsvik har i en årrekke formidlet musikkopplevelser gjennom sin egen konsertserie med fire til fem større konserter med profesjonelle gjestedirigenter i Bergen hvert år. For Eikanger-Bjørsvik er konserter av denne typen svært viktig for ensembles utvikling, og er med på å heve kompetansen og forståelsen av musikk hos medlemmene i amatørensemblet. Slik egenutvikling er viktig for at musikantene kan fortsette arbeidet med å gi inspirasjon tilbake til lokalmiljøet og de fremtidige stjerner. Årets konsertserie består av 4 konserter: 1: Heritage i Peer Gyntsalen 18. mars 2018, 2: Storbandaften 22. juni 2018, 3: Fantasy for Brass 7. oktober 2018, 4: Samtid 2. desember 2018».

Prosjekt 2: Feriespel 2018

Om prosjektet (ifølge søkjar): «I juli 2018 arrangerer EBML Feriespel for 21. gong. Her er mellom 70 og 100 born og unge frå 9 til 19 år samla i fire dagar for å få undervisning, både i grupper og i samlingskorps. Høgt kvalifiserte instruktører gjer dette arbeidet på dugnad. Dette gjev minner for livet og inspirasjon til øving - som igjen gjev ei oppleving av meistring og glede over hobbyen. Deltakarane på Feriespelet var i starten utelukkande frå Nordhordlandskommunane, men dei siste åra har det vore born og unge tilstades frå heile fylket. Frå Masfjorden i nord, Øygarden i vest, Stord i sør og Eidfjord i aust. Med base i eige Musikkhus i

Knarvik – og med gode samarbeidspartnarar som Knarvik ungdomsskule, Nordhordlandshallen og den nye Knarvik kyrkje – ser me fram til Feriespel 2018: torsdag 26. til søndag 29. juli».

Deltaking i meisterskap (reise)

- 1: Europamesterskapet for Brassband. Tid og stad: 02.-06.05 i Utrecht, Nederland
- 2: British Open. Tid og stad: 07.-09.09 i Birmingham, England
- 3: Siddis Brass. Tid og stad: 3: 02.-04.11 i Stavanger

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 502 000 kroner
 Samla søknadssum: 170 000 kroner (inkl. søknad om reisestøtte)
 Tilråding prosjektstøtte: 35 000 kroner
 Tilråding reisestøtte: 19 672 kroner
 Samla tilråding: 54 672

Eikanger-Bjørsvik musikklag vart etablert i 1949 og består i dag av 32 aktive medlemmer. Eikanger-Bjørsvik har fått støtte til sine konsertseriar fleire gongar tidlegare frå ordninga «Prosjekttilskot: Kultur – amatør» med grunngjeving i at det har verdi for kulturlivet i større delar av fylket og vidare at det er gjennomførings- evne og realisme i prosjektet. Med Feriespel bidrar Eikanger-Bjørsvik til talentutvikling ved å invitere mange unge talent og rettleie desse under ei samling i fire dagar. Prosjekta i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 2 og 3.

4. MANGER MUSIKKLAG

Prosjekt 1: SiddisBrass 2018

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Eventuell støtte til desse prosjekta vil gå til å dekke bestillingsverket av Martin Winter, speletimar for dei ulike instrumentgruppene med profesjonelle instruktørar som kan få oss til å spele betre og heve nivået endå meir, samt å arrangere Før-Siddis konserten».

Prosjekt 2: Brass in Concert 2018

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Eventuell støtte til desse prosjekta vil gå til å dekke bestillingsverket av Martin Winter, speletimar for dei ulike instrumentgruppene med profesjonelle instruktørar som kan få oss til å spele betre og heve nivået endå meir, samt å arrangere Før-Siddis konserten».

Prosjekt 3: Julekonserten 2018

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Tredje søndag i advent inviterer MML til den tradisjonsrike Julekonserten i Manger Kyrkje. Saman med sopranen Lydia Hoen Tjore garanterer me julestemning. I år stetter me eit nytt bekjennskap med orkesterdirigenten Trond Husebø. På denne konserten står det mange klassiske jule- perler på programmet, men me prøver også å spele ny og stemningsfull musikk av lokale komponistar og arrangørar. Difor set me av pengar i budsjettet til arrangering av nytt repertoar».

Deltaking i meisterskap (reise)

- 1: Siddis Brass. Tid og stad: 02.-04.11.2018 i Stavanger
- 2: Brass in Concert. Tid og stad: 17.-19.11.2018 i Newcastle

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 60 000 kroner
 Samla søknadssum: 60 000 kroner
 Tilråding prosjektstøtte: 20 000 kroner
 Tilråding reisestøtte: 19 672 kroner
 Samla tilråding: 39 672 kroner

Manger musikklag vart etablert i 1922 og består i dag av 32 aktive medlemmer. Julekonserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Fylkesrådmannen vel og å prioritere bestillingsverket av Martin Winter. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 6.

5. STRUSSHAMN MUSIKKFORENING

Prosjekt 1: Musikalperler med Sele og SMF

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Prosjektet foregår i Peer Gynt salen, Grieghallen 10.november 2018. SMF ønsker årlig å gjennomføre en kvalitetskonsert med profesjonell gjesteartist. Dette er en inspirasjon for de yngste, lokalt rekrutterte musikerne våre».

Deltaking i meisterskap (reise)

NM janitsjar 2019, Elitedivisjonen.

Tid og stad: 04.-07.04.2019 i Trondheim

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 50 000 kroner

Samla søknadssum: 150 000 kroner (inkl. søknad om reisestøtte)

Tilråding prosjektstøtte: 25 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 42 418 kroner

Samla tilråding: 67 418 kroner

Strusshamn musikkforening vart etablert i 1912 og består i dag av 69 aktive medlemmer. Denne konserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 5.

6. TERTNES BRASS

Prosjekt 1: A Mouse's Tale

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Dette prosjektet er en stor konsertproduksjon basert på juleevangeliet og er skrevet av den engelske komponisten Philip Wilby. Vi ønsker å ha fremføringen i Korskirken i Bergen i desember 2019. Dette vil være første gang verket fremføres i Europa. Verket innehar aktører som brass band, kor, barnekor, sekkepiper, pianist, dikt-/historieforteller og orgel. Her ser vi for oss å inkludere en rekke lokale krefter fra Hordaland. Vi ønsker blant annet å få med oss Bergen Guttekor, Collegium Musicum og organist Frode Skag Storheim. Prosjektet vil med dette ha en sterk grad av nyskapning, da mange musikk- og kulturformer blir bundet sammen, og regionen vil få en europeisk utfremføring både med hensyn på musikalsk uttrykk og besetningsform. Vi ser på dette prosjektet som en fantastisk mulighet til å få jobbe sammen med dyktige musikere utenfor vår egen sjanger og å inkludere både voksne og barn i en felles fremføring. Prosjektet vil også bidra til å skape en hyggelig førjulsstemning».

Deltaking i meisterskap (reise)

Siddis Brass 2018

Tid og stad: 02.-04.11.2018 i Stavanger

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 59 000 kroner

Samla søknadssum: 29 500 kroner

Tilråding prosjektstøtte: 20 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 19 057 kroner

Samla tilråding: 39 057 kroner

Tertnes brass vart etablert i 1964 og består i dag av 31 aktive medlemmer. Denne konserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Det er fleire aktuelle samarbeids-partnarar til produksjonen, m.a. unge talent, til ein felles konsertframvising. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 2 og 6.

Oversikt over samla tilråding 2018:

	Søkjar	Tal på aktive medlemmer	Tilråding reisestøtte	Tilråding prosjektstøtte	Samla tilråding
1	BJØRSVIK BRASS	35	21 517	30 000	51 517
2	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	45	27 664	20 000	47 664
3	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	32	19 672	35 000	54 672
4	MANGER MUSIKKLAG	32	19 672	20 000	39 672
5	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	69	42 418	25 000	67 418
6	TERTNES BRASS	31	19 057	20 000	39 057
	SUM	244	150 000	150 000	300 000